



# LOTTERITILSYNET

---



Årsmelding 2001

---

# Visjon

---

«Lotteritilsynet skal sikre  
inntekter til det frivillige og  
humanitære Noreg, og fremje  
ei sunn utvikling i pengespel-  
marknaden»

# Innhold

<b>Det første året</b>	<b>4-6</b>
<b>Fakta om Lotteritilsynet</b>	<b>7</b>
<b>Administrativ avdeling</b>	<b>8-9</b>
<b>Juridisk avdeling</b>	<b>10-11</b>
<b>Teknisk avdeling</b>	<b>12-13</b>
<b>Tilsette i Førde</b>	<b>14-15</b>
<b>Budsjett og rekneskap</b>	<b>16-17</b>
<b>Lotterimarknaden i dag</b>	<b>18-19</b>
<b>Pengespel i vekst</b>	<b>20-21</b>
<b>Negative sider</b>	<b>22-23</b>
<b>Kontrollen i gang</b>	<b>24</b>
<b>Smånytt</b>	<b>25</b>



# Truverde – kvalitet – nytenking

**Lotteritilsynet vart offisielt opna 4. januar i fjor, og då var vi 10 tilsette. Eitt år seinare har vi passert 40 tilsette, og er på full fart inn i det som blir ein normal driftsfase både som direktorat og forvaltings- og kontrollorgan.**

Lotteritilsynet har laga seg følgjande visjon som vi jobbar etter: Vi skal sikre inntekter til det frivillige og humanitære Noreg, og vi ønskjer å fremje ei sunn utvikling i norske pengespel. Vi ser no at utviklinga på Internett truar inntektene til viktig frivillig arbeid i lag og organisasjonar, og det skaper ei utvikling der personleg profitt blir drivkrafta meir enn omsynet til å skaffe inntekter til samfunnsnyttig og humanitært arbeid.

Av den grunn er det etter mi mening viktig at norske styresmakter får kontroll med utviklinga både gjennom god regulering, og ved at det blir etablert gode, norske spel som kan arrangerast i trygge former, samstundes som dei genererer inntekter til viktige nasjonale formål.

Det har vore ein krevjande jobb å få Lotteritilsynet etablert. Vi har hatt fleire prosjekt som dei tilsette nærmast på dugnadsbasis har gått laus på med liv og lyst, som til dømes teljinga av dei ca 21 000 gevinst-automatane.

Like eins har juridisk avdeling ein stor jobb når søknader frå nærmere 5000 lag, foreiningar og entreprenørar skal sakshandsamast denne vinteren.

Lotteritilsynet vart etablert mellom anna fordi styremaktene ønskte betre kontroll med ein pengespel-marknad som vokste fort, og som til dels var uoversiktleg. Etableringa av eit nasjonalt lotteriregister har difor hatt høg prioritet første året. Om vi ser bort frå at Lotteriregisteret vart eit halvt år forseinka, så nådde elles Lotteritilsynet dei mål vi sette oss for 2001. Vi har fått opp alle dei viktige funksjonar vi treng for å kunne forvalte og føre tilsyn med pengespel-marknaden. Lotteriregisteret vart teke i bruk 7. januar i år, og 18. mars skal også samleie politidistrikt etter planen vere operative i registeret.

I løpet av året vil informasjonen i Lotteriregisteret også bli tilgjengeleg for publikum og media, som dermed vil få mykje betre innsyn i ein marknad der omsetninga for lengst har passert 20 milliardar kroner.

Lotteritilsynet brukte mykje tid første året på å bli kjend med den marknaden vi som tilsynsorgan og direktorat skal forvalte og kontrollere. Difor har vi lagt vekt på ein god dialog med både store og små aktørar. Vi har også reist ein god del det første året, for å oppdatre bransjekunnskap og byggje nødvendige nettverk både nasjonalt og internasjonalt. Lotteritilsynet er såleis blitt medlem både i GREF (Gaming Regulators European Forum) og IAGR som er eit utvida GREF-forum.



Tilbakemeldingane vi så langt har fått frå pengespel-marknaden, har stort sett vore positive. Bransjen er gjennomgåande nøgd med at dei no har fått eitt forvaltingsorgan å forhalde seg til, og set også uttalt pris på at tilsynet byggjer ut teknisk og juridisk kompetanse som styremaktene tidlegare ikkje hadde tilgjengeleg. Når det gjeld typegodkjening av gevinst-automatar, slår vi no fast at Lotteritilsynet ligg heilt i fremste rekke i Europa.

Avgjerda om å lokalisere Lotteritilsynet i Førde, vart møtt med ein viss skepsis. I dag torer eg slå fast det har vore ei vellykka lokalisering – kort og godt god distriktpolitikk. Plasseringa gir oss også ein distanse til dei vi skal forvalte og kontrollere som eg trur er sunn for alle partar.

Kampen om dei nye jobbane i Lotteritilsynet var til dels hard. I startfasen var det gjennomsnittleg 30 søkjarar til kvar jobb, og det faglege nivået var høgt. Og med ei lokalisering i Sogn og Fjordane, er det også grunn til å vente ein stabil arbeidsstyrke sidan konkurransen om nøkkelpersonane er mindre her enn i meir sentrale delar av landet.

Lotteritilsynet er også pålagd å følgje opp negative sider ved pengespel. Speleavhengighet vart tidleg sett på dagsorden, og alt i juni 2001 sa Kulturdepartementet ja til å gjennomføre ei større befolkningsundersøking som vil fortelje kor stort omfang speleproblem har i Noreg, og kva for speleformer som hektar folk mest. Granskinga er finansi-

ert over Lotteritilsynets budsjett, og vil koste tre millionar kroner.

Vi i Lotteritilsynet har valt å byggje vår aktivitet på fire verdiar: Vi skal ha *høgt truverde*, vi vil stå for *kvalitet*, vil vil bidra med *nytenking*, og vi ønskjer å vere *informerande*. Høgt truverde er viktig når vi skal forvalte og kontrollere ein marknad som er mangslungen, og som tidvis er fylt av krysande interesser. Vi ønskjer å framstå som objektive, og å stå for lik og rettferdig handtering.

Men vi legg også vekt på å yte god service, og har som mål at den kompetansen vi byggjer opp skal vere tilgjengeleg. Samstundes har Lotteritilsynet ambisjonar om å vere ein aktiv deltar i den løpende debatten om pengespel i Noreg, og vil gjerne bidra med nytenking både i forvalting og kontrollarbeid.


Vi meiner våre verdiar er eit godt utgangspunkt å jobbe vidare fram mot det som er visjonen – å sikre inntekter til humanitære og samfunnsnyttige formål i ein sunn pengespel-marknad.

*Førde i februar 2002*



Atle Hamar  
direktør

# Fakta om Lotteritilsynet



Offisielt opna: 4. januar 2001

Først tilsett:

Direktør Atle Hamar 1. august 2000

Tilsette ved opninga:

20 – ti var byrja i arbeid

Tilsette etter eitt år:

41 inkludert seksjon Hamar  
+ fire i engasjement/vikariat

Full bemanning i løpet av 2002: 48

- Stab/adm. 13
- Juridisk 8
- Teknisk 19 inkludert kontrollseksjonen
- Seksjon Hamar 8

Budsjett 2001: 32,7 millionar kr

Budsjett 2002: 51,3 millionar kr

Finansiering: Gebyr i pengespel-bransjen. Nokre døme: Det kostar 1300 kroner for ein organisasjon eller eit lag å bli godkjend som lotteriverdig, gebyret er 1500 kroner per år for kvar gevinstautomat, og det kostar 20 000 kroner for ein entreprenør å bli autorisert.



# Utnyttar teknologien

**Administrativ avdeling er ferdig bemanna, og reknar med å kunne handtere både den nye kontrollseksjonen og seksjon Hamar, til saman 16 nye tilsette, med det mannskapet vi har i dag.**

For at Lotteritilsynet skulle komme opp og stå på eigne bein, var det nødvendig å få tidleg på plass økonomi-, personal- og arkiv-funksjonar, forutan intern teknisk infrastruktur. Dette er viktig både for å kunne fungere utetter som eit direktorat, og av omsyn til arbeidsdagen til alle våre nytilsette. Desse funksjonane hadde difor høg prioritet den første tida, og vi var svært godt nøgde med at vi allereie første halvår hadde mesteparten på plass.

Lotteritilsynet ønsker å framstå som ei verksemد som utnyttar den nye teknologien. I dag er sakshandsaminga i Lotteritilsynet så nær det papirlause samfunn som det er mogleg å komme anno 2002. All inngåande post blir scanna, og all sakshandsaming føregår elektronisk. Vi er veldig nøgde med måten dette har fungert på.

Vi har også etablert eit elektronisk arkiv. I tillegg har vi laga vår eigen database med dei gamle sakene frå Justisdepartementet. Dermed kan vi også søkje elek-

tronisk etter gamle saker, og det har vist seg verdfullt i sakshandsaminga.

Postlister vart tidleg lagt ut på vår heimeside på Internett. Ordninga fungerer slik at personar, organisasjonar eller medier som ønskjer innsyn i saker, gir oss melding om dette. Men målet her er at vi skal få døgnopen forvalting, det vil seie at «kundane» sjølv skriv ut dei offentlege dokument dei ønskjer. Vi håpar at dette vil kunne skje i løpet av inneverande år.

I det heile teke har vi det første året lagt vekt på service i det som er vår frontlinje, og eg meiner vi har lykkast med dette – sjølv i periodar der pågangen på telefonen har vore uvanleg stor. Vi ønsker å vere ei bedrift som folk oppfattar som tilgjengeleg.

Naturleg nok har også administrativ avdeling det første året fått ein god del oppgåver knytt til lov og avtaleverk, men det meste vart etablert i løpet av året.



Berit Hovland  
avdelingsdirektør



# Stor pågang frå marknaden

**Juridisk avdeling skal innan sommaren ta stilling til nærmere 5000 søknader om å bli lotteriverdig organisasjon. I tillegg er det kome inn ca 250 søknader om å bli godkjend som entreprenør.**

I samband med opprettinga av det nye Lotteriregisteret, må alle aktørane i lotteri-marknaden søkje om løyve eller autorisasjon. Dette har naturlegvis ført til ei ekstraordinær saksmengd i juridisk avdeling. For å få jobben gjort, er avdelinga utvida med to juristar i engasjement fram til sommaren og ein ut året – i tillegg til dei sju faste.

Under arbeidet med å godkjenne lotteriverdige formål, er det ein del lag og organisasjoner som no får avslag sjølv om dei tidlegare hadde lotteriløyve. Dette skuldast at forvaltinga tidlegare var spreidd på 54 politidistrikt og Justisdepartement, medan aktørane no i større grad kan forhalde seg til ein instans. Sakshandsaminga blir dermed meir lik for alle.

Fleire tusen søknader førte også til stor pågang på telefon og e-post frå aktørar i marknaden. I tillegg var det i løpet av året mange som kontakta juridisk avdeling og tok opp saker som galdt pyramidespel og kunnskapstevlingar/ lotteri.

Både i vurderinga av pyramidespel versus nettverksal, og i tilhøvet mellom kunnskapsspel og lotteri, er det uklare grenser. Det kan til dømes vere vanskelig å slå fast kva som er eit innskot og kva som er tilfeldig i lotterilovas forstand. Her må regelverket bli klarare.

Juridisk avdeling har i 2001 også brukt ressursar til forskriftsarbeid, mellom anna når det gjeld bingo og skrapelodd. I tillegg måtte avdelinga setje av ressursar både til arbeidet med Ekspertgruppa sin rapport og til Prosjektgruppa som jobbar med underlagsmateriale til den føreståande politiske gjennomgangen av pengespel. Utviklinga av Lotteriregisteret har også kravd stor innsats frå vår avdeling.

På grunn av den travle etableringsfasen vi har vore inne i, har sakshandsamingstida vore lengre enn ønskeleg. Målet er at sakshandsamingstida skal ned i ein månad så snart vi er ferdige med å handsame søknader frå organisasjoner og entreprenørar.



Elna Berge  
avdelingsdirektør



# Lotteriregisteret jobb nr. 1

Fagleg har opprettinga av eit nasjonalt register for pengespel i Noreg vore den viktigaste oppgåva i teknisk avdeling i 2001, og avdelinga hadde ansvar for leiing og organisering av prosjektet.

Lotteriregisteret (LOR) vart eit halvt år forseinka, men vart teke i bruk av Lotteritilsynet i januar 2002. Registeret er eit høgteknologisk fleirbrukar-system for handtering av dokument. Her vil Lotteritilsynet, Kulturdepartementet og politiet i framtida drive all sakhandsaming av pengespel. LOR er utvikla for å tilfredsstille den døgnopne forvaltinga og er basert på moderne form for arkivering og dokumentasjon som sentrale styrsmakter stimulerer til. Systemet samordnar rutinar og bruk av lov og forskrift etter ein felles mal for alle sakhandsamarane.

LOR er klar til å ta i bruk elektronisk signatur så snart dette er godkjent på nasjonalt plan, og skal kunne nytte webgrensesnittet for enkel og rasjonell søknadsproduksjon.

Ansvaret for operativ driftsstøtte av LOR ligg i teknisk avdeling, som har koordinerande funksjon mot andre viktige aktørar som Brønnøysundregistra som

har utvikla registeret, Statens innkrevingssentral som står for innkreving av gebyr for Lotteritilsynet, og ikkje minst Politiets datateneste som koordinerer politiet sin bruk av registeret.

Etablering av ei systematisk typegodkjennings-ordning for spelemaskiner til den norske marknaden, var også ei av dei viktige oppgåvene for teknisk avdeling i etableringsåret. Vi har lagt til rettes for fri konkurranse, og har utvikla ein felles måleprotokoll basert på den tekniske kravspesifikasjonen for spelemaskiner. Ved årsskiftet var protokollen ute på høyring, og ser ut til å bli godt motteken. Kravet for tenesteyting til den norske marknaden, er internasjonal akkreditering på den gjeldande teknologien, og målet er at leverandørane snart skal kunne velje testinstitutt fritt.

Sentralt har også opprettinga av den nye kontroll-seksjonen stått. Bakgrunnen for den valde modellen med åtte fast tilsette, var mellom anna at vi frå 2004 ser føre oss ei rask utvikling i retning av kontroll i nettverkssystem.



**Jan Støfring**  
avdelingsdirektør





# Tilsette i Førde

**Tilsette i Lotteritilsynet i Førde  
frå 1. januar 2002.**

**Framme frå venstre:** Trude Felde, Anniken Støylen, Rune Timberlid, Berit Hovland, Atle Hamar, Elna Berge, Jan Støfring, Jan Petter Sæbø, Per Johan Grue og Liv Wiik.

**2. rekke frå venstre:** Ann-Kristin Gaare Langedal, Else Nes Bruland, Berit Ullebø Nedberge, Ingunn Kvåle, Aina Helen Gamborg, Grethe Fjell, Monica A. Kjelsnes, Kåre Eide, Øystein Fosstvedt, Steinar Kvammen, Rolf Rakstad og Johnny I. Gustavsen.

**3. rekke frå venstre:** Sindre Hauglum, Bård Eikeset, Stig Starheim, Gøril Hillersøy, Kjartan Møller, Tore Bell, Anders Neerland Soleim, Jonny Engebø, Jan Eriksen, Torstein Jensson, Einar Atle Årdalsbakke og Robert Veseth.

Mariann Flo, Sverre J. Indredavik, Taina Stubseid og Ingrid Aanderud var ikkje til stades då biletet vart teke.

# Sluttrekneskap i pluss første driftsår

Det var naturleg nok ein del usikre økonomiske faktorar ved inngangen til det første driftsåret i Lotteritilsynet. Vi mangla erfaringstal for fleire variable konstnads-komponentar, og ein del avklaringsprosessar med omsyn til samarbeidsavtalar m. m. pågjekk eit stykke ut i det første driftsåret.

Difor var det nødvendig å ha eit budsjett som gav rom for ein del usikre faktorar. Mellom anna vart organiseringa av den framtidige kontrollavdelinga ikkje klar før midtveges ut i 2001. Likevel vart det ingen dramatiske avvik i budsjettet, og vi kom ut på plussida samla sett.


Driftsbudsjettet for 2001 vart fastsett av Kulturdepartementet i samråd med Lotteritilsynet etter at det vart lagt fram ein disposisjonsplan 1. mars. Budsjettet heldt med god margin. Forbruket det første året nådde 30,2 millionar kroner, mot budsjettet 32,7 millionar. Forbruket auka for kvar månad etter kvart som driftsfunksjonar kom i gang og tilsette kom på plass. Mindreforbruket på 2,5 millionar kroner fordeler seg med 1,6 milio-

nar kroner på løn, og om lag 900 000 kroner på varer og tenester.

Organiseringa av kontrollseksjonen, med ni fast tilsette og kjøp av tenester frå Justervesenet, medførte ei innsparing på lønsbudsjettet i høve til det stipulerte. Ved inngangen til 2002 er det framleis nokre stillingsheimlar som ikkje er utlyste i Lotteritilsynet.

Reiser var ein av dei budsjettpostane der manglande erfaringsgrunnlag skapte visse vanskar for budsjetteringa. Bygging av faglege nettverk, både i den norske pengespel-marknaden og internasjonalt, var høgt prioritert i alle avdelingar det første driftsåret. Både leiinga og saks-handsamarar har delteke aktivt for å byggje opp kunnskap og kontaktnett, både i pengespel-marknaden, hjå regulatoriske styresmakter og på messer og konferansar. Mykje av dette har vore nødvendig med tanke på at Lotteritilsynet skal byggje opp ny kompetanse både som forvaltings- og kontrollorgan. Reisebudsjettet fekk såleis eit meirforbruk på 517 000 kroner i høve til budsjetterte 1,5 millionar.

Også på kjøp av konsulenttenester hadde Lotteritilsynet eit meirforbruk. Budsjettet enda 260 000 kroner over budsjettete 900 000 kroner. Dette skulda mellom anna at Lotteritilsynet alt i 2001 betalte delar av ei stor befolkningsundersøking om speleavhengighet som Kulturdepartementet gav klarsignal til i



juni. Dessutan vart det kjøpt tenester frå Opinion til bruk i Ekspertgruppa som vart utnemnd av Kulturdepartementet i mars.

Kjøp av tenester var den største posten i Lotteritilsynets budsjett i fjor, og her var det eit meirforbruk på 93 000 kroner i høve til budsjettet på 10,9 millionar kroner. Lotteritilsynet underteikna i fjor samarbeidsavtalar med Statens innkrevingsentral, Brønnøysundregistra, Politiets datateneste og Justervesenet. Sidan Lotteriregisteret (LOR) vart eit halvt år forseinka, vart det eit mindre forbruk enn venta i høve til Brønnøysundregistra og Statens innkrevingsentral. Etter avtale med Kulturdepartementet vart ei tilleggsøyning på 1,5 millionar kroner til Brønnøysundregistra for utvikling av LOR, ført på budsjettet for 2001.

På inntektssida viser rekneskapen for i fjor 39,5 millionar kroner. Alle inntektene i 2001 gjeld registrerings- og årsgebyr for gevinstautomatar. Per 31. desember var det registrert innbetalingar på i alt 21 952 automatar.

Til saman vart det i 2000 og i fjor løvt 15 millionar kroner til investeringar og etablering av Lotteritilsynet. Av dette vart fem millionar kroner løvt i fjor, og meseparten av grunnlags-innvesteringane vart gjort ferdige første halvår 2001. Etablerings- og investerings-kostnadene vil bli dekka ved eingangs-gebyr i penge-spel-marknaden.

## Utgifter Lotteritilsynet 2001

### *Kap. 0305, Post 01 Driftsutgifter*

Løyving	kr 32 702 000
Rekneskap	kr 30 218 382
<b>Mindreutgift</b>	<b>kr 2 483 618</b>

### *Kap. 0305, Post 45 Større nyinkjøp og vedlikehald*

Løyving 2001	kr 8 977 000
Rekneskap 2001	kr 7 329 224
<b>Mindreutgift</b>	<b>kr 1 647 776</b>

## Inntekter frå spel og lotteri 2001

### *Kap. 3305, Post 02 Gebyr*

Løyving	kr 39 200 000
Rekneskap	kr 39 509 869
<b>Meirinntekt</b>	<b>kr 309 869</b>

## Tilsette i Lotteritilsynet

Tilsettjingsprosessane for sentraladministrasjonen vart tilnærma ferdigstilte i 2001. Nokre stillingar er mellombelse (engasjement) ved årsskiftet. Dette gjeld i hovudsak Juridisk avdeling, og det er gjort slik for å ta unna ei eks-traordinært stor saksmengd fram mot sommaren 2002. Ved årsskiftet gjenstår framleis nokre stillingar på Teknisk avdeling for utlysing. Per 31.12.2001 hadde Lotteritilsynet følgjande fordeling på dei tilsette:

Avdeling	Kvinner	Menn	Sum
Direktør		1	1
Administrasjon og stab	9	4	13
Juridisk avdeling	5	5	10
Teknisk avdeling ÷ Kontrollseksjonen	2	5	7
Kontrollseksjonen	1	8	9
Sekretariatet til Lotterinemnda	1		1
<b>Sum</b>	<b>18</b>	<b>23</b>	<b>41</b>

For året 2001 viser vi talet på tilsette framfor å rekne om til årsverk, fordi dei fleste har kome på plass i løpet av året. «Tilsette» omfattar her dei som per 31.12.2001 hadde motteke ei stilling ved Lotteritilsynet, dvs. nokre av desse byrja første arbeidsveka etter nyttår. Alle stillingane er heile stillingar.

## Stor pågang frå marknaden

I samband med opprettinga av det nye Lotteriregisteret (LOR), måtte alle aktørar i lotterimarknaden søkje om godkjenning eller autorisasjon. Nærare 5000 søknader vart postlagde før års- skiftet.

I alt vart det postlagt 4618 søknader om å bli godkjend som lotteriverdig organisa- sjon, og dette talet låg opp mot det som var venta. 843 av søknadene vart saks- handsama i fjar, og 740 vart godkjende – 103 vart avslagne.

Dermed låg det 3775 søknader om å bli lotteriverdig i Lotteritilsynet ved inn- gangen til år 2002. For å få unna saks- mengda, er det tilsett tre juristar i mel- lombels stilling. Siktemålet er at alle sø- knader skal vere ferdig sakshandsama innan sommaren.

I tillegg kom det inn 247 søknader om autorisasjon som entreprenør før årsskif- tet. Dei fleste gjeld søknader om å bli autorisert som automat-entreprenør, og det kan såleis ventast at det vil bli ein vekst i talet på entreprenørar. 74 av sø- knadene vart handsamsa før nyttår, og berre ein av desse vart avslagen

Av dei 103 søknadene som vart avslagne i fjar, kom 57 frå sektoren kultur/fritid, 27

kom frå idrettsrørsla, medan 15 var i kategorien diverse. I alt vart det fremja klage på 96 vedtak i Lotteritilsynet. 55 av desse enda anten med at vedtaket vart omgjort, at klagen vart trekt, eller var ikkje sakshandsama ved årsskiftet. 41 kla- ger hamna i Lotterinemnda, som gav ein av klagarane medhald.

Lotteritilsynet fekk i fjar 121 klager på lotterivedtak gjort av politiet. Det ligg ikkje føre statistikk over kor mange av desse klagene som ført fram.

Lotteritilsynet mottok i fjar 77 søknader som galtdt landslotteri. 74 av dei vart god- kjende, to søknader vart trekte og ein søker fekk avslag. Desse sakene har vore prioriterte, og det vart fatta vedtak i alle sakene som omfatta tradisjonelle lotteri, søknad om dispensasjon frå skrapelodd- forskrift eller søknad om utvida salspéri- ode.


I alt vart det gjennomført 46 typegod- kjenningar av gevinstautomatar i 2001. Her er det snakk om både å godkjenne nye automatar og oppgradere gamle. Testing i samband med typegodkjenning vart i fjar gjennomført av testinstituttet GLI.

Lotteritilsynet godkjende i fjar eit føre- handstrekt lotteri basert på SMS-teknolo- gi. Løyvet gjeld for eitt år, og vart gitt mellom anna fordi det er ønskeleg med erfaring frå pengespel distribuert i nye


elektroniske kanalar. I tillegg vart det i 2001 sett i gang to prøveprosjekt med norske spel på Internett – Norsk Tipping, Norsk Rikstoto. Eit tredje prøvespel, Norskspill.no i regi av ti humanitære organisasjonar, kom i gang i januar i år.

Lotteritilsynet har i 2001 brukt ressursar på å kartlegge kva for speletilbod som i dag finst på Internett. Kartleggingsarbeidet er langt frå ferdig. Frå amerikanske kjelder som jobbar med penge-spel på nettet, vart det i januar i år hevda at det per i dag finst rundt 1400 penge-spel (gambling sites) på nettet. Den totale omsetnaden i desse pengespela blir av amerikanske kjelder estimert til vel 50 milliardar norske kroner i 2002.


### Klager til Lotterinemnda i 2001



### Søknad om autorisasjon som entreprenør – postlagde i 2001



### Søknad om godkjenning av organisasjon – postlagde i 2001



# Ein marknad i vekst

**Marknaden for pengespel i Noreg veks framleis. Førebels tyder tala på at det i år 2001 vart omsett for 21,6 milliardar kroner, medan tilsvarannde tal for året før var 20,7 milliardar. Men for den private delen av marknaden er det framleis snakk om estimat.**

Veksten i norske pengespel i fjar, kom opp i fire-fem prosent. Seinare i år vil Lotteritilsynet komme med ei meir omfattande rapportering om omsetnaden i pengespel-marknaden. Då vil vi i større grad enn her ha reelle tal å vise til.


For dei statlege pengespela er tala klare, og Norsk Tipping auka sin omsetning til

nærare 7, 9 milliardar i fjar, og det var ein auke på 3,9 pst. Norsk Rikstoto hadde ein mindre auke og enda på vel 2,6 milliardar kroner. For den private delen av marknaden, må tala førebels rekna som estimat som er runda av til nærmeste 100 millionar kroner.

Når det gjeld automat, bingo og lotteri er omsetning estimert ved at Lotteritilsynets talmateriale for år 2000 er justert på grunnlag av tilbakemeldingar frå aktørar og signal elles i marknaden. Lotteri omfattar hovudsakleg landslotteri, for det meste skrapelodd. Her rekna vi også med større lotteri som lokale lag og foreiningar gjennomfører. Omsetninga i bingo omfattar både bingo med og utan entreprenør.

Fjorårstalet for automatar, 8,4 milliardar kroner, ligg seks-sju prosent over talet vi kom fram til for 2000. I det nye talet innår også underhaldnings-automatane som estimert utgjer vel ein prosent av omsetnaden (60-70 millionar kroner). Talet for automatar er brutto omsetning utan gjenspel.

Når det gjeld spel på Internett, er tala førebels usikre. Talet 600 millionar kroner for år 2001 er eit estimat utarbeidd av Norsk Tipping.



## Spele- og lotterimarknaden 2001

*Brutto omsetning i den norske spele- og lotterimarknaden år 2001*

	NOK	Milliardar EUR <sup>1</sup>	USD <sup>2</sup>
Norsk Tipping (eigne spel)	7,9	1,0	0,9
Rikstoto	2,6	0,3	0,3
Talspelet Extra – stiftinga Helse og Rehabilitering operert av Norsk Tipping	0,7	0,1	0,1
Automatar <sup>3</sup>	8,4*	1,0	0,9
Lotteri (eksklusiv Flax)	0,6*	0,1	0,1
Bingo	1,4*	0,2	0,2
<b>Samla omsetning</b>	<b>21,6</b>	<b>2,7</b>	<b>2,4</b>

\*) estimert omsetning

**Samla omsetning fordelt pr innbyggjar<sup>4</sup>**

- ikke redusert for gevinst

NOK 4800 EUR 600 \$ 530

\* I tillegg vart det spelt for ca 600 millionar på utanlandske Internett-spel  
(estimat frå Norsk Tipping).

Om vi reknar med dette, blir samla omsetning og fordeling per innbyggjar:

	NOK	Milliardar EUR	USD
<b>Samla omsetning inklusiv utanlandske nettspel</b>	<b>22,2</b>	<b>2,8</b>	<b>2,5</b>
- fordelt pr innbyggjar	NOK 4900	EUR 610	\$ 550

<sup>1</sup> Noregs Banks gjennomsnittlege referansekurs 2001: 8,0491

<sup>2</sup> Noregs Banks gjennomsnittlege referansekurs 2001: 8,9905

<sup>3</sup> Underhaldningsautomatar utgjer ein liten del av omsetnaden  
(vel 1% – estimert til 60-70 millionar).

<sup>4</sup> SSB pr 1. juli 2001: 4 512 957 innb.

## Dei negative sidene

**Lotteritilsynet er pålagd å følgje opp dei negative sidene ved pengespel her i landet. Negative sider i ein slik samanheng, kan vere så mangt – frå kvitvasking av pengar, til illegale spel og speleavhengighet.**

Vi valde å gripe tak i det siste først. I løpet av våren 2001 gjorde Lotteritilsynet opp status for det vi veit om speleavhengighet i Noreg, og det resulterte i forstudien «Samla gjennomgang av spel- og lotteriområdet – Negative verknader av lotteriverksemd».

Forstudien konkluderte med at det er stort behov for å kartlegge omfanget av speleproblem i den norske befolkninga, og alt i juni gav departementet klarsignal til at ei slik gransking skal gjennomførast. Granskinga vil koste ca tre millionar kroner, og skal finansierast over Lotteritilsynet sitt budsjett.

Lotteritilsynet skrev kontrakt med Statens Institutt for Rusmiddelforskning (SIRUS) om å gjennomføre befolkningsundersøkinga, og resultatet er venta klart i mai/juni 2003. Som ein del av kontrakten, er det også lagt inn spørsmål om speleåtferd i den store granskinga «Ung i Norge 2002».

Befolknings-granskinga vil forutan omfanget av speleproblem, også gi oss informasjon om årsakene til speleproblem.

Men Lotteritilsynet er i tillegg pålagd å informere om negative sider ved pengespel, vi skal stimulere til ytterlegare forsking, og skal dessutan komme med framlegg til tiltak som kan førebyggje. I samband med den føreståande politiske gjennomgangen av pengespel, har Lotteritilsynet jobba med spørsmål knytt til speleavhengighet og informasjon i ei prosjektgruppe nedsett av Kulturdepartementet.

Men skal det jobbast langsiktig og profesjonelt med t.d.informasjon og forsking, trengst det ein økonomisk plattform vi i dag ikkje har. Her ligg det ei utfordring for styresmaktene.

På informasjonssida tek Lotteritilsynet sikte på å formalisere eit samarbeid med Øst-norsk kompetansesenter ved Sanderud Sykehus, som er utpeikt som eit nasjonalt kompetansesenter for speleproblem her i landet.

**Rådgjevar Anniken Støylen er ansvarleg for Lotteritilsynets arbeid med speleavhengighet saman med informasjonsrådgjevar Rune Timberlid.**



## Kontroll i startgropa

**Frå 1. januar fekk Lotteritilsynet åtte nye inspektørar som skal ha heile landet som arbeidsområde. Men alt hausten 2001 kom den utvendige kontrollen av gevinstautomatar i gang.**

I tråd med styresmaktene sitt mål om å effektivisere offentlege tenester, vil Lotteritilsynet kjøpe kontrolltenester fra Justervesenet sine vel 30 kontrollørar – i første omgang ut 2003. I perioden september-desember i fjor vart 1989 gevinst-automatar i delar av politidistrikta Oslo, Telemark, Fjordane, Romsdals, Ringerike, Sogn, Hordaland, Bergen og Sør-Trøndelag kontrollerte.

Kontrollane vart gjennomførte som utvendig kontroll med fokus på ulovleg oppstilte automatar, oppstillingsløyve og aldersgrense. Kontrollane avdekkja ingen ulovlege automatar, men 139 av automatane (7 pst) hadde ikkje synleg oppstillingsløyve sjølv om alle hadde slikt løyve.

Dei fleste brot på aldersgrensa på 18 år kom kontrollørane over på større kjøpesenter. Spelarane blir i slike tilfelle tilsnakka, samstundes som lokalinnehavar blir beden om å betre kontrollen av automatane.

I løpet av februar 2002 var også Lotteritilsynet sine åtte faste inspektørar i arbeid ute i felten. Seks av desse inspektørane har forskjellig teknisk bakgrunn, og to har politibakgrunn. Dei vil ha både fullmakt og kompetanse til å gå inn i gevinstautomtane og sjekke programvaren på staden.

Kontroll-seksjonen har delt opp landet i åtte soner, og kvar inspektør blir ansvarleg for ei sone. Men inspektørane skal jobbe mykje i team, og vil både gjennomføre stikkprøve-kontrollar i avgrensa område og følgje opp tips Lotteritilsynet får.

Frå årsskiftet vart Statskontrollen, som kontrollerer Norsk Tipping sine penge-spel, ei eiga avdeling i Lotteritilsynet. Samstundes overtok også Lotteritilsynet det formelle ansvaret for Statens kontrollkomité som står for kontrollen av landets totalisator-baner. Avdelinga på Hamar har åtte tilsette, og i tillegg 10 deltidstilsette notarar. I løpet av 2002 vil Lotteritilsynet vurdere den framtidige organiseringa både av Statskontrollen og Statens kontrollkomité.

# Visste du at...

...sjukefråværet første året (april-desember) var nede i ein prosent i Lotteritilsynet, mot gjennomsnittleg seks prosent i arbeidslivet elles?

...Dagens Næringsliv i fjor hadde 41 artiklar om pengespel, og at avisa såleis var den norske avisa som skreiv mest om pengespel?

...pengespel var tema i norske TV-kanalar 26 gonger i fjor, og 95 gonger i radio-program, derav 15 i NRK P1?

...Lotteritilsynet hadde over 32 000 besøk på si Internett-side i fjor, og at 66 pst av trafikken kjem frå norske brukarar?

...Lotteritilsynets informasjon om speleavhengighet på heimesida i gjennomsnitt hadde 200 besøk pr. månad første året?

...Lotteritilsynet betaler ca 1100 kroner kvadratmeteren for nyoppussa, lyse og fine lokale i Naustdalsvegen 5 i Førde?

...Lotteritilsynet i fjor fekk inn 66 tips, og at mange tips galdt SMS- eller TV-spel som Lotteritilsynet følgde opp?

...av dei 34 klagesakene i Lotterinemnda i fjor, galdt 23 godkjenning som lotteriverdig organisasjon?



...at Lotteritilsynet kjøpte heile utstillinga «Woodland» av den skotske kunstnaren Allan Watson for å smykke ut 3. etasje?

## Sogeøya i Sunnfjord

På framsida av årsmeldinga ser du siluetten av Kinnaklova som er eit kjent landmerke heilt vest i landskapet der Lotteritilsynet er lokalisert – i Sunnfjord.

Denne særmerkte fjellformasjonen på øya Kinn, 15 kilometer sjøvegen frå Florø, har til alle tider vore eit viktig seglingsmerke for sjøfarande langs kysten av Vestlandet. Både sjølve Kinn og havområdet rundt er fullt av soge som femner om alt frå 1000 år gamle segner og legender om prinsessa Borni – til eit eventyrlig fiske etter vintersild så sent som på 1950-talet.

Segnene fortel at prinsesse Borni rømde saman med meir kjende Sunniva frå Irland. Medan Sunniva kom til Selja, så stranda Borni på Kinn. Ei helg i juni kvart år er Borni midtpunktet i det mektige sogenespelet «Songen ved det store djup». Spelet blir framført med det opne havet og ei kyrkje frå 1100-talet som kulisser, med publikum sitjande på eit mektig amfi skapt av naturen sjølv.

Havområdet rundt Kinn var sentrum for eit eventyrlig fiske etter vintersild, først midt på 1800-talet og deretter frå 1945 til det brått tok slutt i 1957.



## Kontroversiell og omtykt

I den eine av våre to etasjar har Lotteritilsynet i stor grad satsa på lokale kunstnarar i utsmykkinga av fellesarealet. Her vil du finne motiv av kjende nolevande Sunnfjord-kunstnarar, mellom dei Kjartan Slettemark.

I gangen mellom etasjane heng «Ristning III» (biletet til høgre) som er laga av Kjartan Slettemark. Truleg er han den mest kjende novlevande kunstnaren frå Sogn og Fjordane. Slettemark vart fødd i 1932 i Naustdal som er Førde sin grannekommune i vest, men han har sidan 1959 budd i Sverige.

Med sin ukonvensjonelle og samfunnskritiske stil har Kjartan Slettemark alltid vore ein kontroversiell kunstnar. Mest kjend er han nok for Vietnam-biletet som framfor Stortinget provoserte så hardt at det vart øydelagt med øks i 1965.

Kjartan Slettemark har utover på 1990-talet stadig vendt tilbake til sine røter i Sunnfjord, både som privatperson, biletkunstnar og performance-kunstnar. I fjor fekk Slettemark Norsk Kulturråds Ærespris, og i 2002 fekk også sunnfjordingen statleg kunstnarløn i nabolandet.



Foto: Oskar Andersen, Jolster • Grafisk formgjeving: Inform Media, Førde • Trykk: E. Natvik Prenteverk AS, Florø



[www.lotteritilsynet.no](http://www.lotteritilsynet.no)



LOTTERITILSYNET

Postboks 800 • 6801 Førde  
Telefon 57 82 80 00 • Telefax 57 82 80 80  
[postmottak@lotteritilsynet.no](mailto:postmottak@lotteritilsynet.no)